



VOSS HERAD 2020

INFORMASJON FRÅ "HELSE OG OMSORG" NR: 2

TA GJERNE KONTAKT! ☺

Jenny Eidnes Kjerland Tlf 91638821

Jenny.e.kjerland@granvin.kommune.no

Anne Berit Himle: Tlf 97721276

Anne.b.himle@voss.kommune.no

Trude Kvarekval Lydvo Tlf 95262088

Trude.k.lydvo@voss.kommune.no

Informasjon finn du og på
Vossherad.no



HELSE OG OMSORG-VOSS HERAD 2020

Det nærmar seg jul og nytt år. Om 1 år blir me Voss Herad, tida går veldig fort. For helse og omsorg betyr eit nytt herad at me vil få eit større mangfald, fagmiljø og fleire samarbeidspartnarar. Me må ta godt i mot kvarandre. Utvikling av omsorgstenestane våre vert det, og mykje spennande å sjå fram til.

Kva tenkjer du på? Har du idear? Du har sjansen til å bidra- BRUK DEN! Ver med å påverk. Send oss gjerne innspel eller spørsmål. DU er VIKTIG i dette arbeidet.

MORGONDAGENS OMSORG I MINE OG DINE HENDER, 2015-2025

- Strategidokument

Helse og omsorg skal endre retning frå reparasjon til førebygging. Målet er at me skal levere tenester av god kvalitet gjennom kompetente medarbeidarar og brukardeltaking. Dette betyr at fleire skal få hjelp i heimen med hjelp av menneskelege ressursar, men også av velferdsteknologi.

KVA VERT ELLES JOBBA MED

Det vert jobba godt i arbeidsgruppene i helse og omsorg. Hovudgruppa fortsetter jamleg med fellessamlingar for dei 3 arbeidsgruppene og gruppene må her levere og legge fram idear,

tankar og ev produkt til hovudgruppa. I hovudgruppa er det no beslutta at i Voss Herad skal ein bruke **fagsystemet Gerica i dokumentasjonen**. Det vert jobba på nasjonalt nivå for å finne eit godt journalsystem som skal snakke betre saman, dette vil nok komme om nokre år. Har de spørsmål i høve dette, ta gjerne kontakt.

Demensplan 2020 har som mål at personar med demens skal få moglegheiter til å leva eit aktivt liv og pårørande skal gis støtte og avlasting. Regjeringa ynskjer at ein skal utvikle fleksible avlastingstilbod. Voss Herad har ei arbeidsgruppe som arbeider med å finne nye løysingar på dette området.

HTV og HVO i Voss og Granvin har jamleg dialogmøter med prosjektleiaren Arild, rådmannen for Voss Herad. På møta har det vore fokus på struktur i den nye kommunen, ytringskultur, korleis me vil ha det, tankar og idear, og rom for diskusjon og spørsmål.

FREDFULL JULE- OG NYTTÅRSFEIRING

Me kjem sterkt tilbake med meir nytt over nyttår når arbeidet er kome i gang att.

Må jula bli fin og gje ro i sinnet. La alle problem bli små og forsvinne. La dagane som kjem verte gode og fine. Ei riktig god jul til deg og dine!

God vakt til dykk som skal jobbe i jule- og nyttårstida. De er med på å gjere denne tida heilt spesiell for dei som er brukarar av tenestene våre.



Med venleg helsing

Anne Berit Himle, Jenny Eidnes Kjerland og Trude Kvarekval Lydvo